FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL




# Forvaltningsrett

## - påfyllingskurs

# 1. Forvaltningslova

- Virkeområde, § 1:
- Kva?

  *«…den virksomhet som drives av forvaltningsorganer når ikke annet er bestemt i eller i medhold av lov»*

- Kven?

  *«…et hvert organ for stat eller kommune. Privat rettssubjekt regnes som forvaltningsorgan i saker hvor det treffer enkeltvedtak eller utferdiger forskrift».*

FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

# Forvaltningslova

- Regulerer krav til sakshandsaminga
- Byggjer på normer  for «god forvaltningsskikk»:
    - Effektivitet og rettstryggleik
    - Forsvarlege avgjerdsgrunnlag
    - Skriftlegheit og orden
    - Svare på brev
    - Respekt, likeverd og dialog
    - Objektivitet, handsamar like saker likt
    - Skjermar sensitive opplysningar for uvedkommande

# Enkeltvedtak, § 2

- *«Generelt eller konkret bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer»*
- Ikkje avgjerder som er «ledd» i ei anna sak:
  - Rett til dokumentinnsyn
  - Habilitet
  - Høyringsfråsegner

# Enkeltvedtak

- *«…treffes under utøving av offentlig myndighet»*
  - Ikkje privatrettslege transaksjonar
  - Avgjerd om å *ikkje* bruke mynde?
  - Økonomisk støtte/lån?

# Enkeltvedtak

- *«…rettigheter eller plikter til en eller flere <u>bestemte</u> personer»*

  - Ikkje generelle endringar i lov/forskrift
  - Ikkje kommunale gebyrregulativ

# Enkeltvedtak

- Problemstilling – oppdatering av gardskart:

*Ein person med odelsrett vender seg til kommunen med krav om oppdatering av gardskart. Ifølgje parten viser kartet for lite areal, slik at eigedomen kjem under grensene for odlingsjord. Kommunen ønskjer ikkje oppdatere. Parten klagar.*

**Kan parten klage på at kommunen ikkje oppdaterer kartet?**

# Enkeltvedtak

- *«en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som er generelt eller konkret bestemmende for rettigheter eller plikter til…en eller flere bestemte [private] personer.»*

## Problemstilling 2:

*Grunneigar/drivar krev oppdatering av gardskartet, som han meiner vil gje for lite produksjonsareal ved neste søknadsomgang. Kommunen vurderer eigedomen og føretek mindre justering. Parten klagar på nytt.*

***Er det klagerett på justeringa?***

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

# 2. Habilitet/ugildskap

- Forvaltningslova §§ 6-10
- **Formål:**
  - Sikre upartiske avgjerder
  - Oppretthalde tilliten til forvaltninga
  - Vern for tenestepersonen

- **Kva er følgjene?**
  - «til å tilrettelegge grunnlaget…eller til å treffe avgjørelse»

- **Korleis bli ugild**?
  - Kan vere ugild på grunn av formelle/objektive forhold
  - Kan vere ugild på grunn av *reelle* interesser i saka
  - Ugild på grunn av overordna sitt habilitetsforhold

# 2.1 Habilitet – formelle forhold

- § 6 første ledd – tenesteperson er ugild dersom:
  - Han/ho sjølv er part i saka
  - Er i nær slekt eller svogerskap med part
  - Er eller har vore gift med, er forlova med eller er fosterforelder/barn til part
  - Er verje eller fullmektig for part.
  - Er ledar, styremedlem eller har ledande stilling i selskap som er part

# Habilitet – formelle forhold

- Kor nær slekt er omfatta? (§ 6 b)

«opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken»

| | |
|---|---|
| ➢ Oppstigende linje | = foreldre, besteforeldre |
| ➢ Nedstigende linje | = barn, adoptivbarn, barnebarn |
| ➢ Sidelinje så nær som s. | = også halvsøsken, men ikkje stesøsken |
| ➢ Svogerskap | = omfattar ektefelle til alle ledda |
| ➢ **Utanfor** | = søskenbarn, onkel, tante, nevø, niese |

# 2.2 Habilitet – generell vurdering

- Den generelle habilitetsregelen (§ 6 andre ledd)

*«Likeså er han ugild til når andre* ***særegne forhold*** *foreligger som* ***er egnet til å svekke tilliten*** *til hans upartiskhet… Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part»*

**1. Særeige forhold som er eigna til å svekkje tilliten?**

# 2.3 Habilitet – overordna sitt forhold

- Avleidd ugildskap ( § 6 tredje ledd)
- Er overordna ugild, kan heller ikkje direkte underordna **ta avgjerd** i saka.
  - Direkte underordna; er det instruksjonsmynde?
  - Rådmann?
  - Ordførar?
  - Kommunen er grunneigar?

  - NB! Den underordna kan *førebu* saka på vanleg måte.

# Habilitet vs. rettleiingsplikt?

- Rettleiingsplikta omfattar (fvl. § 11):
  - Gjeldande lov, forskrifter og praksis
  - Sakshandsamingsreglar, partsrettar
  - Bør peike på konkrete omstende som kan få verknad for resultatet (gi råd?)
  - Ikkje plikt til å gje ***bistand***

# LB-2014-164872: Mørk Engebretsen Invest AS:

**Saksøkar sin påstand:**

*«Det foreligger brudd på veiledningsplikten etter forvaltningsloven § 11. Mørk Eek har etterspurt veiledning om forståelsen av svine- og fjørfeproduksjonsloven § 3, men Fylkesmannen og SLF har nektet å yte veiledning.»*

**Lagmannsretten:**

*«Det er riktig at forvaltningen har en veiledningsplikt i henhold til forvaltningsloven § 11. Denne plikten går imidlertid ikke så langt at forvaltningen i vår sak hadde en plikt til nærmest å gi Mørk Eek og de øvrige produsentene en «oppskrift» på hvordan de ville gå klar av konsesjonsreglene i svine- og fjørfeproduksjonsloven.»*

# Problemstilling:

*Eit landbrukskontor lagar gjødslingsplanar som service til føretaka, og som del av rettleiinga.*

1. **Er denne typen service omfatta av rettleiingsplikta?**
2. **Kva habilitetsspørsmål kan eventuelt oppstå?**
3. **Har det betyding at tenestene er utført utan vederlag?**

# Rettleiar:

## Habilitet i kommuner og fylkeskommuner (KMD)


KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

Veileder

Habilitet i kommuner
og fylkeskommuner

Om inhabilitetsreglene i forvaltningsloven og kommuneloven

# 3. Saksgang, saker om enkeltvedtak

- Søknad eller anna som startar saka
- Saksførebuing i førsteinstansen (fvl kap IV)
- Vedtak i førsteinstansen (fvl kap V)
- Klage (fvl kap VI)
- Førebuing av klagesaka i førsteinstansen (§ 33)
- Handsaming av saka hjå klageinstansen (§ 34)
- Vedtak i klageinstansen (fvl kap V)
  - *Krav om omgjering utanfor klagesak (§ 35), søksmål.*

# 3.1 Søknad eller anna startar saka

- Krav til søknad, formkrav?
- Krav til representasjon, § 12 fjerde ledd:

  *«Fullmektig som ikke er advokat, skal legge fram skriftlig fullmakt. Advokat behøver ikke å legge fram skriftlig fullmakt, med mindre forvaltningsorganet finner grunn til å kreve det.»*

- Feil i praksis:
  - Son på vegner av far/omvendt
  - Drivar på vegner av eigar/omvendt
  - Kommunen på vegner av søkjar

# Førehandsvarsel, § 16

- *«Part som ikke allerede ved søknad eller på annen måte har uttalt seg i saken, skal varsles før vedtak treffes og gis høve til å uttale seg innen en nærmere frist»*

- *Innhald og form:*
  - *Gjere greie for kva saka gjeld*
  - *Gjere parten i stand til å ivareta sine interesser*
  - *Vere skriftleg*

# M-2/2009: Førehandsvarsel

BRUDD PÅ LOVBESTEMT BOPLIKT ETTER KONSESJONSLOVEN § 5 ANNET LEDD, GNR… BNR… I… KOMMUNE

De overtok ovennevnte eiendom (dato). Eiendommen består av totalt … dekar, hvorav ca. … dekar fulldyrka jord, … dekar overflatedyrka jord, ca… dekar produktiv skog og ca… annet areal.

Etter konsesjonsloven § 5 annet ledd er konsesjonsfriheten ved erverv av en eiendom med mer enn 25 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord, eller 500 dekar produktiv skog betinget av at erververen bosetter seg på eiendommen innen ett år, og selv bebor den i minst fem år. Fristen for å oppfylle plikten regnes fra det tidspunktet ervervet skjedde. De fikk orientering om dette ved at kommunen …(dato) sendte Dem en skriftlig orientering om bo- og driveplikten.

Kommunen har erfart at De ikke har oppfylt boplikten. Virkningen av at boplikten er brutt er at kommunen kan pålegge Dem å søke konsesjon, jf. konsesjonsloven § 13 tredje ledd.

En ber om Deres merknader til dette innen … dager.

# Saksgang, saker om enkeltvedtak

- Søknad eller anna som startar saka
- **Saksførebuing i førsteinstansen (fvl kap IV)**
- Vedtak i førsteinstansen (fvl kap V)
- Klage (fvl kap VI)
- Førebuing av klagesaka i førsteinstansen (§ 33)
- Handsaming av saka hjå klageinstansen (§ 34)
- Vedtak i klageinstansen (fvl kap V)
  - *Krav om omgjering utanfor klagesak (§ 35), søksmål.*

# 3.2 Saksførebuing

Får Walter lov?



# Saksførebuing



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

# Saksførebuing

- Utgangspunktet, fvl. § 17:
  - *«Forvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes.»*
- Utgreiingsplikta ligg på forvaltninga
- Skrive ned sentrale opplysningar
- Journalføre e-postar
- Ta notat frå telefonsamtaler der det har kome fram viktige opplysningar.
- Informere partane om vesentlege nye opplysningar

# Saksgang, saker om enkeltvedtak

- Søknad eller anna som startar saka
- Saksførebuing i førsteinstansen (fvl kap IV)
- **Vedtak i førsteinstansen (fvl kap V)**
- Klage (fvl kap VI)
- Førebuing av klagesaka i førsteinstansen (§ 33)
- Handsaming av saka hjå klageinstansen (§ 34)
- Vedtak i klageinstansen (fvl kap V)
    - *Krav om omgjering utanfor klagesak (§ 35), søksmål.*

# 3.3 Enkeltvedtak – utforming



# Enkeltvedtak – utforming

- *«Skriftlig»*, § 23

- Vedtaksteksten:
  - Bør vere kort, konsist, presist og eintydig:
  - *«Med heimel i § XX blir A blir pålagt å gjenopprette lovleg tilstand»*

# Enkeltvedtak - grunngjeving

1) Vise til heimel / regelverk
2) Nemne dei faktiske forholda vedtaket byggjer på
3) Gjere greie for kommunen sitt skjønn i saka

# Problemstilling – «benkeforslaget»:

*Kommunen har godkjent ein søknad. Ein lokal naturvernorganisasjon klagar på avgjerda på prinsipielt grunnlag. Innstillinga går ut på å halde fast ved vedtaket, men i politisk utval blir det fremja følgjande framlegg: «**Utvalet tek klaga til følgje. Søknaden vert avslått**». Framlegget får fleirtal.*

1. Er grunngjevinga for avslaget tilfredsstillande?
2. Kva ansvar har evt. kommuneadministrasjonen?

# Kommunelova § 23 nr. 2:

*«Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet…»*

1) Vise til heimel / regelverk
2) Nemne dei faktiske forholda vedtaket byggjer på
3) Gjere greie for kommunen sitt skjønn i saka

# Enkeltvedtak – partsrettar (§ 27)

- Melding om vedtaket til parten skal opplyse om:
  - Klagerett (§ 28)
  - Klagefrist (§ 29)
  - Klageinstans og framgangsmåten for å klage
  - Rett til innsyn i saksdokument (§ 18)
  - Rett til å be om utsett gjennomføring av vedtaket (§42)
  - Klage på forvaltningsvedtak - 0073N

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

# www.miljøkommune.no

- Flytskjema og rettleiing for framgangsmåten ved enkeltvedtak



# Saksgang, saker om enkeltvedtak

- Søknad eller anna som startar saka
- Saksførebuing i førsteinstansen (fvl kap IV)
- Vedtak i førsteinstansen (fvl kap V)
- **Klage (fvl kap VI)**
- Førebuing av klagesaka i førsteinstansen (§ 33)
- Handsaming av saka hjå klageinstansen (§ 34)
- Vedtak i klageinstansen (fvl kap V)
  - *Krav om omgjering utanfor klagesak (§ 35), søksmål.*

# 3.4 Klage – formkrav

- Stilast til førsteinstansen (kommunen)
- Vere underteikna av klagaren
- Identifisere kva sak klaga gjeld
- Om nødvendig; gjere greie for at klagefristen er halden
- Skrive kva endring klagaren ønskjer
- *Bør* vere grunngjeven
- Ved feil set kommunen ein kort frist for retting

# Saksgang, saker om enkeltvedtak

- Søknad eller anna som startar saka
- Saksførebuing i førsteinstansen (fvl kap IV)
- Vedtak i førsteinstansen (fvl kap V)
- Klage (fvl kap VI)
- **Førebuing av klagesaka i førsteinstansen (§ 33)**
- Handsaming av saka hjå klageinstansen (§ 34)
- Vedtak i klageinstansen (fvl kap V)
  - *Krav om omgjering utanfor klagesak (§ 35), søksmål.*

# 3.5 Førebuing av klagesaka, § 33

- Er vilkåra for å klage oppfylte?
  - Har avsendaren klagerett?
  - Klagefrist, er det klaga for seint?
  - Er avgjerda det vert klaga på eit enkeltvedtak?

- *«Dersom vilkårene for å klage ikke forligger, skal underinstansen avvise saken, jf. dog § 31»*

# Særleg om avvising

- Avvising:
  Det formelle grunnlaget for handsaming manglar. Ved avvising tek ein ikkje stilling til innhaldet i klaga.

- Avvising kan klagast på (fvl. § 2 tredje ledd)

# Særleg om avvising

**Har avsendaren klagerett?**

§ 28: «*Part eller annen med rettslig klageinteresse*»

Rundskriv M-2/2009, s. 37:

*…Hvorvidt en klager har rettslig klageinteresse vil bero på i hvilken grad vedtaket har faktiske og rettslige virkninger for vedkommende….*

# Særleg om avvising

**Klagefrist, er det klaga for seint? (§ 29)**

- «3 uker fra det tidspunktet underretning om vedtaket er kommet frem til vedkommende part…»
- «har en part krevet å få oppgitt begrunnelsen for vedtaket,…avbrytes klagefristen».
- For andre: 3 veker frå ein vart eller burde ha blitt kjent med vedtaket. Ikkje meir enn  3 mnd. frist.
- Klage må vere «avgitt til postoperatør» innan utløpet av fristen.

## Plikt til å vurdere fristoppreising (§ 31):

Kan likevel ta klaga til handsaming dersom:

- Parten ikkje kan lastast for fristbrotet eller å ha drygd unødvendig etterpå.
- Det av særlege grunnar er rimeleg at klaga likevel vert prøvd.

  - Ta omsyn til om klagehandsaming kan føre til ulemper for andre, eks. den som har fått løyve.
  - Absolutt klagefrist: 1 år frå vedtaket vart gjort.

## Er avgjerda det vert klaga på eit enkeltvedtak?

*«Avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet, og som er generelt eller konkret bestemmende for rettigheter eller plikter til [bestemte] private personer.»*

# Klagerett og avvising



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

# Klagerett og avvising

Får Walter lov?



# Førebuing av klagesaka, § 33

- Kommunen skal «*foreta de undersøkelser klagen gir grunn til*».
- Klageinstansen skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg. Kan pålegge kommunen å opplyse saka.
- Kommunen kan «*oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet*».
- Oversende **fullstendig** sakstilfang til klageinstansen. Sende kopi av saksutgreiing/uttale til partane.

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

# Førebuing av klagesaka

- Bør verknaden av vedtaket utsettast til klagesaka er avgjort? (§ 42)
  - Kan fastsettast i klagesaker, ved søksmål, eller ved klage til Sivilombodsmannen
  - Krav om utsett verknad skal avgjerast snarast mogleg, uavhengig av klagesaka elles.
  - Avslag skal vere grunngjeve.

# www.miljøkommune.no

- Flytskjema og rettleiing for framgangsmåten ved klagehandsaming.
- Klageinstansen sitt vedtak i utgangspunktet endeleg, også sjølv om klageinstansen kjem til eit anna resultat.



# Saksgang, saker om enkeltvedtak

- Søknad eller anna som startar saka
- Saksførebuing i førsteinstansen (fvl kap IV)
- Vedtak i førsteinstansen (fvl kap V)
- Klage (fvl kap VI)
- Førebuing av klagesaka i førsteinstansen (§ 33)
- Handsaming av saka hjå klageinstansen (§ 34)
- Vedtak i klageinstansen (fvl kap V)
  - ***Krav om omgjering utanfor klagesak (§ 35), søksmål***.

# 3.5 Omgjering utanfor klagesak, § 35

- **Kan omgjere vedtak utan klage dersom:**
  - Endring ikkje er til skade for den vedtaket rettar seg mot eller tilgodeser
  - Melding om vedtaket  er ikkje kome fram, og vedtaket heller ikkje kunngjort
  - Vedtaket er ugyldig

# Endring ikkje er til skade for den vedtaket rettar seg mot eller tilgodeser

Problemstilling:

Person A får det han/ho har søkt om. Person B klagar og får medhald, slik at vedtaket blir omgjort til avslag. Kommunen kjem seinare til at avslaget var feil, og at A burde fått det han/ho søkte om. Kan kommunen omgjere avslaget og gje A løvye?

## Endring dersom vedtaket er ugyldig

- Manglar lovheimel / feiltolking (materiell mangel)
- Hadde ikkje mynde til å ta avgjerd (personell mangel)
- Byggjer på feil faktagrunnlag
- Feil i sakshandsaming (blitt til på feil måte) ?

## Fvl. § 41: verknad av sakshandsamingsfeil

*«…vedtaket likevel gyldig når det er grunn til å regne med at feilen ikke **kan ha virket bestemmende** på vedtakets innhald…»*

# Sakskostnader, § 36

- Vedtak endra til gunst for part:
  - Parten har krav på dekking av «vesentlege» sakskostnader som var nødvendige for å «endret vedtaket».
  - Ikkje betyding om det skjedde i klagesak, evt. på kva stadium i klagesaka, eller ved omgjering.
  - Kommunen vurderer kravet der kommunen gjorde endringa.

# Sakskostnader, § 36

- **Kva er nødvendige kostnader?**
  - Aksepterer som regel advokat, sjølv om saka er enkel. Eventuelt redusere kravet der timeforbruk er klart overstig det som er rimeleg
  - Eige arbeid vert ikkje dekt
  - «Vesentlege kostnader» - ikkje porto, papirkopiar eller bussbiletten til/frå møte med kommunen
  - Frådrag for MVA for innkjøp av advokattenester, der parten er registret i MVA-registeret

FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

# Sakskostnader, § 36

- Nødvendige for å få «endret» vedtaket:
  - Ikkje ugifter parten hadde *før* kommunen gjorde sitt første vedtak i saka.
  - Ikkje utgifter parten hadde *etter* kommunen gjorde vedtak i klagesaka (sluttmøte med klient)

# Saksgang, saker om enkeltvedtak

- Søknad eller anna som startar saka
- Saksførebuing i førsteinstansen (fvl kap IV)
- Vedtak i førsteinstansen (fvl kap V)
- Klage (fvl kap VI)
- Førebuing av klagesaka i førsteinstansen (§ 33)
- Handsaming av saka hjå klageinstansen (§ 34)
- Vedtak i klageinstansen (fvl kap V)
  - ***Krav om omgjering utanfor klagesak (§ 35), søksmål*.**